

Arbeidsnotater

S T A T I S T I S K S E N T R A L B Y R Å

Dronningstgt. 16, Oslo-Dep., Oslo 1. Tlf. 41 38 20

IO 75/37

29. oktober 1975

EKTESKAPELEG STATUS I NORGE 1965 - 1975.

EIT OPPLEGG FOR ANALYSE

av

Erling Berge¹⁾

INNHALD

	Side
1. Innleiing	2
2. Kjelder for data om ekteskapeleg status	4
3. Eit raskt situasjonsbilete	6
4. Grunnlagsdata for befolkningsanalyse frå det sentrale personregisteret	15
5. Eit opplegg for analyse av ekteskapeleg statusendringsar	23
Litteratur:	29
Appendiks: "Kombinasjoner av flere begivenheter for hver person i løpet av et år" av Jan Mønnesland	30

1) Eg vil takke Per Sevaldson og Helge Brunborg for gjennomlesing og kommentarar til manuskriptet.

I. INNLEIING

Familien

Familien er i vårt samfunn eit sentralt element i den sosiale strukturen. Familien startar med at to individ bestemmer seg for å leve saman. Familiane går igjennom ein livssyklus og dei går i oppløysing på ulike måtar for å gi plass til nye.

Innan familiane blir det teke avgjerder som har store verknader for samfunnet. Til dømes vil talet på barn og tidspunkta for fødslane i stor mon vere fastlagt innan familien. Familien har fått hovudansvaret for oppfostringa av barna, og vil dermed få hovudansvaret for å forme den sosiale røyndomsoppfatninga til dei nye samfunnsmedlemmene. Familien er sentrum for ei rad aktivitetar som er sentrale for den einskildes velferd. Desse aktivitetane spenner vidt - frå å stette elementære behov for mat og husvære til å stette trongen til rekreasjon og menneskeleg kontakt og varme.

Den private ressursbruken og det private konsumet blir i stor mon styrt gjennom familien.

Dei mange sentrale oppgåvene til familien gjer møtet mellom familie og storsamfunn til eit knutepunkt for ulike samfunnsprosessar med store konsekvensar for samfunnsutviklinga.

Samtidig vil kvar einskild familie i stor mon vere priggitt det storsamfunnet han er ein del av. Arbeidsliv og skoleverk, boligbygging og fritidstilbod blir organisert av storsamfunnet og svært ofte utan tanke på kva konsekvensar det har for evna familien har til å løyse oppgåvene sine.

Sett i dette perspektivet blir familiesosiologien sentral for alle studium av tilhøva mellom individ og samfunn. For demografien er eit studium av familien særleg viktig på grunn av den sentrale rollen familien har for fødselstalet og for tidspunkta for fødslane. Men også for andre deler av demografien er familien ei viktig eining. Ved flytting vil familien ofte vere den eininga som tek avgjerda, eller flyttinga vil ha samanheng med ekteskap. Familiens betydning for fødselstalet gjer det viktig for demografien å studere korleis familiar oppstår og korleis dei blir løyst opp.

Ekteskapeleg status

Den offisielle registreringa av ekteskap, separasjonar, skilsmål og enkjer/enkjemenn kallar vi registrering etter ekteskapeleg status eller sivilstand. Eit studium av sivilstandstilhøva i ei befolkning vil ikkje fange opp dei ulike formene for samliv eller opphør av samliv og vil derfor ikkje gi eit heilt rett bilete av korleis dei faktiske tilhøva er i befolkninga.

Studiet av samlivstilhøva vil i familiesosiologien som regel ta utgangspunkt i ein hypotese om at kulturelle og økonomiske særdrag i dei ulike regionane gjennom eit normverk vil regulere både ekteskap og skilsmål.

I verdsmålestokk verkar no kreftene frå industrialisering og urbanisering på dei fleste kjente samfunn. Samtidig meiner sosiologar og antropologar å kunne observere ein konvergens i dei ulike familiesystema mot ei felles form (Goode, 1963). Dette er i samsvar med utgangshypotesen. Det som står igjen og det ein til no veit svært lite om, er dei prosessane som knyter endringar i urbanisering og industrialisering saman med endringar i samlivstilhøva.

Prosjektet

I dette prosjektet skal vi freiste å kaste lys over den aktuelle situasjonen i Norge slik den offisielle registreringa av befolkninga etter ekteskapeleg status og endringar i ekteskapeleg status viser. Dei formane for samliv som ikkje blir registrerte kan vi oppdage berre dersom dei oppstår i så stor målestokk at dei har tydeleg innverknad på mengda av registrerte samliv. I tabell 1 ser vi at i Sverige fall talet på inngåtte ekteskap pr. 1 000 innbyggjarar frå 7,8 i 1966 til 4,7 i 1973, medan det i Norge låg jamnt litt over sju.

Tabell 1. Inngåtte ekteskap pr. 1 000 innbyggjarar i Norge og Sverige

År	Sverige ¹⁾	Norge ²⁾
1 9 6 6	7,8	7,4
1 9 6 7	7,2	7,7
1 9 6 8	6,6	7,7
1 9 6 9	6,1	7,7
1 9 7 0	5,4	7,6
1 9 7 1	4,9	7,6
1 9 7 2	4,8	7,3
1 9 7 3	4,7	7,1
1 9 7 4	5,5 ³⁾	6,9 ⁴⁾

- 1) Kjelde: Prioux-Marchal, France: "Le Mariage en Suede". Population No 4-5 1974.
- 2) Kjelde: "Folkemengdens bevegelse 1973". NOS A 671, og "Folkemengdens bevegelse. Oversikt 1966-70", SA nr. 1, Statistisk Sentralbyrå, Oslo.
- 3) Kjelde: Foreløpig tal frå SCB i Sverige (privat kommunikasjon).
- 4) Kjelde: Statistisk ukehefte nr. 27, 1975

Det er ingenting i det svenske samfunnet som tyder på at tendensen til å bo sammen har blitt redusert så drastisk som tala syner. Det er derfor rimeleg å sjå tale som uttrykk for at svært mange ikkje ønskjer dei rettane og pliktene som ekteskap fører med seg. Dei kan då heller ikkje bli registrert i dei offisielle registera vi må nytte til data-kjelde. Ut over slike store og tydelege endringar i tendensen til å inngå ekteskap kan vi ikkje seie noko om uregistrerte samliv.

Dette prosjektet kjem derfor til å konsentrere seg om sivilstandstilhøva. Vi skal spesielt sjå på utviklinga sidan 1960. Og ved hjelp av folketeljinga i 1970 skal vi og freiste å sjå om det er samanhengar mellom levekår i dei ulike regionane og sivilstandstilhøva der.

II. KJELDER FOR DATA OM EKTESKAPELEG STATUS

Personregisteret

Den 1/10 1964 innførte Byrået identitetsnr. til bruk ved personregistreringa. Dette gav grunnlag for eit personregister. Grunndata for registeret var folketeljinga i 1960 saman med meldingar om fødsjar og dødsfall i perioden frå folketeljinga og fram til etableringsdagen. I grunnmaterialet nytta ein fire kodar for ekteskapeleg status. Dei var

1. Ugift
2. Gift
3. Enkje/enkjemann og
4. Skilt/separert

Kvaliteten i data om ekteskapeleg status i personregisteret er mellom anna omtala i notat SG/KE/IH, 4/2-74. Det er rimeleg å tru at ved starten av registeret vart ein viss del av dei som var "før gift" (kode 3 og 4) koda som ugift (feil oppgåve til folketeljinga). Dette har mest å seie i dei eldste aldersklassene. Ved starten av registeret hadde enkelte kommunar holkortregister med ein annan kode for ekteskapeleg status enn den ovanfor. Der avvika i kode ikkje vart meldt, har dette ført til feil i materialet.

I tida 1/10-64 til 1/11 1970 vart sivilstandskjenneteikna på vanleg måte oppdatert med unntak av spearerte. Separasjonar vart i denne tida ikkje registrert. Sparerte vart altså ståande som gifte til eventuell melding om skilsmål kom. Fra 1/11-70 vart separert skilt ut som eigen kategori (har no kode 5). Dei som ved etableringa av registeret var

separert og som seinare ikkje vart skilt vil altså no stå som skilt og ikkje som gift slik dei faktisk er. Praksisen frå -64 til -70 med ikkje å registrere separasjonar vil ikkje ha tilført materialet feil. Skilsmål vil vere registrert, mens der separasjonen ikkje førte til skilsmål vil personane fortsatt stå koda som gift.

Frå 1970 blir separerte registrert for seg sjølv. Sidan det ikkje finst noka offisiell melding om slutt på separasjonstida vil vi etter kvart få ståande ein del registrert som separert enda om dei har teke opp igjen samlivet som gifte. Konkret vil Byrået merke dette problemet når det kjem ny melding om separasjon utan at ein på førehand veit at samlivet er teke opp igjen.

Vi kan altså ha gifte koda både som skilte og som separerte. Etter kvart vil problema frå starten av registeret forsvinne (dei gifte som er koda skilt endrar status eller dør), men mengda av gifte som er koda separert vil auke jamnt mellom kvar folketeljing. Ein del av separasjonane er formelle i den forstand at dei blir nytta til å få plass for barn på dagheim etc. På andre måtar fungerer ekteskapet som før.

I Byråets offisielle publikasjonar blir dei separerte rekna saman med dei før gifte. Juridisk er dette feil. Separerte kvinner er ikkje utsett for risiko for å føde utanfor ekteskap eller inngå nytt ekteskap. Derimot kan dei godt bli enkjer. Dette gjer at ein i demografisk analyse ønskjer å gruppere separerte saman med gifte der dei ikkje kan stå aleine.

I Personregisteret har vi altså ei løpande registrering av ekteskapeleg status hos alle personar som har fått tildelt personnr. og som er bosatt i Norge. Men berre sidan 1970 har registreringa vore fullgod for alle formål. For å få kvaliteten av registeret opp på det nivå det i dag er mogeleg med den nye informasjon vi har fått etter det vart starta (m.a. i folketeljinga i 1970), må ein foreta ei "reversering" av registeret. Det vil seie at ein oppdaterer eldre årgangar på grunnlag av nyare. Denne oppdateringa støyter imidlertid på det problemet at korreksjonsmeldingane maksimalt kan få registreringsdata 5 år attende i tida. Korreksjonsmeldingar om ekteskapeleg status etter folketeljinga i 1970 har såleis registreringsdato 1. januar 1967 eller seinare (rettingane varttekne inn i 1972).

Personregisterdata har enno berre forsøksvis vore nytta til analyser av sivilstandstilhøve (Brunborg (1973)). Men registeret har vore nytta til å gi ut tre publikasjonar med tabellar over befolkninga

fordelt etter kjønn, alder og ekteskapeleg status for åra 1970, 1972 og 1973 (NOS A 448, NOS A 578, og NOS A 653). Tabellar med fordelingar for utgangen av 1969 finn vi i NOS A 468. På grunn av varierende aldersgrupper i ulike regionar og på grunn av at separerte er gruppert saman med før gifte, gir ikkje desse publikasjonane noko godt utgangspunkt for å studere sivilstandstilhøva.

Situasjonen før personregisteret

Før personregisteret vart starta opp hadde ein to kjelder til data om sivilstandstilhøva. Den eine var dei tiårlege folketeljingane, den andre var meldingane om ekteskap, skilsmisse og dødsfall (enkje/enkjemenn) som kom inn. Meldingane gav godt grunnlag for å studere personar som gifter seg, skil seg eller som blir enkjer/enkjemenn. Tabellar om dette vart årleg publisert i "Folkemengdens bevegelse". Men for å få eit bilete av sivilstandstilhøva i befolkninga måtte ein og ha data om utgangsbestanden som gav grunnlag for straumen av personar mellom dei ulike ekteskapeleg status-kategoriane. Data om utgangsbestanden fekk ein berre ved kvar folketeljing. I ein viss mon vart det freista å halde rekneskap med tilgang og avgang i bestanden mellom kvar folkerekning. Kvaliteten av desse tala er vanskeleg å vurdere. Ekteskapsrater og skilsmisserater har vi derfor i stor mon berre for åra omkring folketeljingane. Eit unntak er 1955-56 då ein nytta den berekna bestanden til å rekne ut rater. Utviklinga av sivilstandstilhøva her i landet frå 1956 til 1960 er kartlagt på denne måten av Backer (1965). Dersom ein vil gå grundigare inn på utviklinga i denne tidsepoken må ein tilbake til primærmaterialet og handsame det på nytt.

III. EIT RASKT SITUASJONSBILETE

Med utgangspunkt i tal frå "Folkemengdens bevegelse", frå "Folkemengden etter alder og ekteskapeleg status" og frå andre publiserte kjelder, skal vi her freiste å gi eit raskt oversyn over endringane i sivilstandsmønsteret i vårt hundreår.

I tabell 2 og 3 har vi for kvinner og menn rekna ut kor stor prosentdel i kvar femårsgruppe som aldri har vore gift. Tala er basert på folketeljingsdata fram til 1960. For 1970 og 1973 byggjer tala på Personregistere (NOS A 448 og NOS A 653).

Tabell 2. Prosentdel kvinner som aldri har vore gift, gjennomsnittleg alder ved første ekteskap og kjønnsproporsjonen

Alder	1900 ¹⁾	1930 ¹⁾	1946 ¹⁾	1950 ¹⁾	1960	1970	1973
15 - 19	98	99	98	97	95	94	94
20 - 24	77	81	73	66	50	42	47
25 - 29	48	52	40	33	18	13	16
30 - 34	32	33	25	20	12	6	8
35 - 39	25	27	22	17	11	5	6
40 - 44	22	24	22	18	11	6	6
45 - 49	18	23	22	20	13	7	7
50 - 54						8	9
Gj.sn. ald. ved første ekteskap ::.....	25,9 ²⁾	26,0 ³⁾	26,7	26,0	24,1	22,8	22,7
Talet på kvinner 20-24 år pr. 100 menn 25-29år.....	189 ⁴⁾	140 ⁴⁾	116 ⁴⁾	101 ⁴⁾	123 ⁴⁾	113	93

- 1) Tala er henta frå Ramholt, Per (1953): "Nuptiality, Fertility and Reproduction in Norway." Population Studies. Vol. VII pp. 46-62.
- 2) Tal for perioden 1896-1900.
- 3) Tal for perioden 1926-1930.
- 4) Tal frå Backer, Julie (1965): "Ekteskap, fødsler og vandringer i Norge 1856-1960". Samfunnsøkonomiske studier nr. 13. Statistisk Sentralbyrå, Oslo.

Vi ser at for kvinner minkar prosentdelen som aldri har vore gift i alle aldrar frå 1930 til 1970. Frå 1900 til 1930 aukar prosenten. Det same gjer den frå 1970 til 1973. Det er rimeleg å tru at to tilhøve verkar inn på utviklinga av prosentdelen aldri gift etter 1900. Det eine er endringane i kjønnsproporsjonen mellom menn og kvinner i gifteferdig alder og det andre er konjunkturutviklinga. Ved starten av vårt hundreår gjorde utvandringa til USA at kjønnsproporsjonen mellom menn og kvinner i gifteferdig alder vart svært lite gunstig for kvinnene. Ramholt (1953) rekna at minst 60 000 fleire menn enn kvinner flytta ut av landet mellom 1876 og 1930. Storparten av denne utvandringa skjedde før og like etter hundreårskiftet slik at 1900 var det 189 kvinner i alderen 20-24 for kvar 100 menn i alderen 25-29. Etter 1900 har kjønnsproporsjonen rekna på denne måten heile tida betra seg fram til 1950 (sjå tabell 2). Dette skulle gjere det lettare for kvinner å bli gift slik at prosentdelen aldri gift burde minke for kvinner heilt frå 1900. Grunnen til at dette ikkje skjer ligg truleg i dei økonomiske tilhøva. Heilt sidan Sundt (1866) har talrike studiar vist at ekteskapstalet eit år er svært kjenslevart for

endringar i konjunkturane (sjå t.d. Diagram 2 i Backer (1965)). I tida mellom første verdskrigen og starten av 30-åra var det økonomisk tilbakegang. Ekteskap vart utsett i årevis og både for menn og kvinner går prosentdelen som aldri har vore gift opp. Vi ser imidlertid at prosenten aukar meir for menn enn for kvinner. Det har altså i tida mellom 1900 og 1930 vorte lettare å gifte seg for kvinnene relativt til mennene. Dette samsvarar med nedgangen i kjønnsproporsjonen. I 1930 var utvandringa stoppa opp og kjønnsproporsjonen fortsatte å bli gunstigare for kvinnene fram til 1950. Dei raskt minkande fødselskulla i 1920-åra og dei raskt aukande fødselskulla i første del av 40-åra verkar og inn på kjønnsproporsjonen slik vi reknar den. Auken i kjønnsproporsjonen frå 101 i 1950 til 123 i 1960 er ein effekt av dette. Sidan midten av 30-åra har vi ikkje hatt større økonomiske kriser. Økonomisk framgang og gunstigare kjønnsproporsjon har begge bidratt til at frå 1930 og fram til 1970 har relativt fleire kvinner vorte gift. Det har truleg også verka til at gjennomsnittleg alder ved første ekteskap har minka i dette tidsrommet.

Men frå 1970 til 1973 ser vi altså at prosentdelen aldri gift så smått synest å auke igjen. Dersom dette skal ha samanheng med kjønnsproporsjonen må vi gå ut ifrå at den regionale ubalansen i kjønnsfordelinga meir enn motverkar den gunstige nasjonale kjønnsproporsjonen. Men når ein skal studere årsakene til ei slik utvikling må ein og ha for auge moglege endringar i normer og haldningar. Kanskje kan uregistrerte samliv vere ein del av forklaringa?

I tabell 3 ser vi at prosentdelen aldri gift mellom menn aukar i åra frå 1900 til 1930 i alle aldrar. Frå 1930 minkar den heile tida fram til 1973. Vi ser her at for aldrane over 40 år har vi relativt fleire gifte menn enn kvinner i 1900, 1930, 1946 og 1950. Men etter 1950 er det relativt fleire ugifte menn enn ugifte kvinner. Dette samsvarar stort sett med utviklinga i kjønnsproporsjonen.

Både for menn og kvinner hadde vi i åra 1946 til 1970 ein nedgang i gjennomsnittleg alder ved førstegangs gifte. Denne tendensen til å gifte seg tidlegare har nok vore med å forsterka og forlenga nedgangen i prosenten aldri gifte i dei yngste aldersgruppene i alle høve.

I figurane 1 og 2 kan vi studere korleis ekteskapsratene har endra seg dei siste åra. Både for kvinner og menn har ekteskapsratene auka for dei yngste og minka for dei eldre aldersgruppene. Endringa synest å vere

Tabell 3. Prosentdel menn som aldri har vore gift, gjennomsnittleg alder ved første ekteskap og kjønnsproporsjonen

Alder	1900 ¹⁾	1930 ¹⁾	1946 ¹⁾	1950 ¹⁾	1960	1970	1973
15 - 19	100	100	100	100	99	99	99
20 - 24	87	93	91	88	79	73	73
25 - 29	54	65	59	55	41	32	31
30 - 34	30	36	34	30	23	18	16
35 - 39	19	23	23	20	18	15	13
40 - 44	14	18	18	17	14	15	12
45 - 49	11	15	16	16	13	15	12
50 - 54	11	13	14	15	13	14	12
Gj.sn. ald. ved første ekteskap	27,8 ²⁾	28,7 ³⁾	29,6	29,0	27,2	25,1	25,1
Talet på kvinner 20-24 år pr. 100 menn 25-29 år	189 ⁴⁾	140 ⁴⁾	116 ⁴⁾	101 ⁴⁾	123 ⁴⁾	113	93


- 1) Tala er henta frå Ramnholt, Per (1953): "Nuptiality, Fertility and Reproduction in Norway". Population Studies Vol. VII pp. 46-62.
- 2) Tal for perioden 1896-1900.
- 3) Tal for perioden 1926-1930.
- 4) Tal frå Backer, Julie (1965): "Ekteskap, fødsler og vandringer i Norge 1856-1960". Samfunnsøkonomiske studier 13. Statistisk Sentralbyrå, Oslo.

større for menn enn for kvinner. Mennene synest også å ha spredt ekteskapa meir over aldersgruppene enn det kvinnene har. Tendensen synest likevel å vere mot større konsentrasjon for begge kjønn.

Dersom vi skal studere utviklinga av giftarmål over tid meir noggrant enn det desse tala gir høve til t.d. ved å rekne ut eittårige ekteskapsrater for einskilde årgangar på ein slik måte at vi kan studere ekteskaps erfaringane til kohortane, må vi gå til primærkjeldene for å få data. Dette skal vi komme tilbake til seinare.


Tabell 4 og 5 gir eit raskt oversyn over utviklinga av oppløyste ekteskap. Oppløysing ved død ser ut til å stagnere. Dette har samanhengen med folkeauken og alderssamansetninga mellom dei gifte. Oppløysing ved skilsmål har auka mye både absolutt og relativt. Skilsmissefrekvensane har auka i dei fleste aldersgruppene, for menn særleg i aldersgruppene 20-60 år og for kvinner 15-55 år. Denne forskyvninga i alder stemmer jo godt med den tradisjonelle aldersforskjellen ved inngåing av ekteskapet. Ein nærare analyse av utviklinga i tendensen til skilsmål vil kreve meir detaljerte tal enn det vi har kunna byggje på her.

Figur 1. Ekteskapsrater for kvinner i femårige aldersgrupper. Førstegangsvigde pr. 1 000 ugifte i middelfolkemengda¹⁾



1) Kjelde: Tabell 5 i "Folkemengdens bevegelse 1973", NOS A 671, Statistisk Sentralbyrå, Oslo.

Figur 2. Ekteskapsrater for menn i femårige aldersgrupper. Førstegangsvigde pr. 1 000 ugifte i middelfolkemengda¹⁾



1) Kjelde: Tabell 5 i "Folkemengdens bevegelse 1973", NOS A 671. Statistisk Sentralbyrå, Oslo.

Tabell 4. Inngåtte og oppløyste ekteskap. Separasjoner ^{x)}

Årleg gjennomsnitt År	Inngåtte ekteskap	Oppløyste ekteskap			Separa- sjonar
		I alt	Ved død	Ved skilsmål	
1956 - 1960	24 091	15 120	12 960	2 160	2 249
1961 - 1965	24 300	17 418	14 922	2 496	2 546
1966 - 1970	29 055	19 560	16 524	3 036	3 434
1966	27 680	18 354	15 682	2 672	2 969
1967	29 154	18 874	15 998	2 876	3 110
1968	29 441	19 669	16 611	3 058	3 439
1969	29 630	20 299	17 153	3 146	3 496
1970	29 370	20 602	17 173	3 429	4 157
1971	29 510	20 906	17 175	3 731	4 741
1972	28 596	21 385	17 363	4 022	5 691
1973	28 141	22 123 ¹⁾	17 459 ¹⁾	4 664	6 185

1) Foreløpige tal.

Tabell 5. Skilsmåshyppighet for gifte i ulike aldersgrupper ^{x)}

Kjønn	Årleg gjennomsnitt	Skilte pr. 1 000 gifte											
		15-19 år	20-24 år	25-29 år	30-34 år	35-39 år	40-44 år	45-49 år	50-54 år	55-59 år	60-64 år	65-69 år	70år og over
Menn													
1955 - 1956	1,9	4,6	4,7	4,3	3,6	2,8	2,4	2,0	1,5	1,1	0,6	0,3	2,6
1959 - 1962	2,7	6,2	6,0	4,7	4,0	3,2	2,8	2,1	1,7	1,1	0,6	0,2	2,8
1971 - 1973	2,0	7,3	9,1	8,8	7,1	5,3	3,9	2,9	2,1	1,2	0,8	0,3	4,4
Kvinner													
1955 - 1956	1,9	4,9	4,3	3,9	3,3	2,4	2,3	1,6	1,2	0,8	0,5	0,2	2,6
1959 - 1962	2,6	6,3	5,3	3,9	3,5	3,1	2,6	1,7	1,2	0,7	0,4	0,2	2,8
1971 - 1973	3,7	8,8	9,1	7,7	5,6	4,2	3,3	2,4	1,5	0,9	0,6	0,2	4,4

x) Kjelde: "Folkemengdens bevegelse 1973". NOS A 671 Statistisk Sentralbyrå, Oslo

Dei regionale variasjonane i sivilstandstilhøva er dårlegare dekkja enn tidsutviklinga for heile landet.

I tabell 6 og 7 ser vi korleis giftermål og skilsmål varierer mellom dei ulike fylka. Sidan tala ikkje er standardisert verken for kjønn eller alder, vil ein berre kunne sjå svært grove samanhengar.

Ein ting synest likevel klart: skilsmålsfrekvensen ser ut til å ha mye større regional variasjon enn giftarmålsfrekvensen. Skillet mellom by og land synest å dominere variasjonane både for giftarmål og skilsmål.

Likevel tyder vel tabell 8 på at det ikkje er heilt regionen som påverkar begge deler.

Før en får studert data nærmare og kontrollert for så viktige faktorar som alders- og kjønnsammansetning er det vanskeleg å komme nokon vei med å analysere årsakene til variasjonane.

Tabell 6. Giftermålshyppigheten etter fylke^{x)}

Fylke	Inngåtte ekteskap pr. 1 000 innbyggjarar			Heile landet = 100		
	1956- 1960	1961- 1965	1966- 1970	1956- 1960	1961- 1965	1966- 1970
Østfold	6,7	6,5	7,4	99	98	97
Akershus	7,3	6,8	7,8	107	103	102
Oslo	8,8	8,7	10,0	129	132	132
Hedmark	5,8	5,5	6,3	85	83	83
Oppland	6,0	5,7	6,5	88	86	86
Buskerud	6,6	6,1	7,3	97	92	96
Vestfold	7,0	6,4	7,4	103	97	97
Telemark	6,0	6,2	7,2	88	94	95
Aust-Agder	5,7	5,3	6,9	84	80	91
Vest-Agder	6,7	6,3	7,3	99	95	96
Rogaland	7,0	6,8	7,9	103	103	104
Hordaland	6,0	5,7	7,0	88	86	92
Bergen	8,4	8,4	9,6	124	127	126
Sogn og Fjordane	5,8	5,3	6,1	85	80	80
Møre og Romsdal.	6,2	5,7	7,2	91	86	95
Sør-Trøndelag ..	7,1	7,1	7,7	104	108	101
Nord-Trøndelag .	5,9	5,8	6,6	87	88	87
Nordland	6,2	6,5	6,8	91	98	89
Troms	6,5	6,8	7,3	96	103	96
Finnmark	6,8	6,8	7,5	100	103	99
Hele landet	6,8	6,6	7,6	100	100	100
Bykommuner	8,4	7,8	8,8	124	118	116
Herredskommuner.	6,1	6,0	6,8	90	91	89

x) Kjelde: "Folkemengdens bevegelse. Oversikt 1966-70". Statistiske analyser 1, Statistisk Sentralbyrå, Oslo.

Tabell 7. Skilsmål etter fylke^{1)x)}

Fylke	Årlig		Pr. 10 000		Indeks for fylkene	
	GJENNOMSNIITT		inbygjarar		Hele landet = 100	
	1961- 1965	1966- 1970	1961- 1965	1966- 1970	1961- 1965	1966- 1970
Østfold	127	163	6,1	7,6	91	97
Akershus	194	285	7,6	9,6	113	124
Oslo	777	837	16,1	17,2	240	223
Hedmark	69	82	3,9	4,6	58	59
Oppland	51	65	3,1	3,8	46	49
Buskerud	112	160	6,3	8,2	94	106
Vestfold	139	157	8,2	9,2	122	119
Telemark	88	98	5,8	6,3	87	81
Aust-Agder	39	43	5,0	5,4	75	70
Vest-Agder	51	75	4,5	6,2	67	81
Rogaland	132	171	5,4	6,6	81	85
Hordaland	83	106	3,6	4,2	54	55
Bergen	111	131	9,5	11,3	142	148
Sogn og Fjordane	18	21	1,8	2,1	27	27
Møre og Romsdal.	72	83	3,3	3,8	49	48
Sør-Trøndelag ..	127	175	5,9	7,7	88	99
Nord-Trøndelag .	45	47	3,9	4,0	58	52
Nordland	117	132	4,9	5,4	73	83
Troms	57	78	4,4	5,8	66	75
Finnmark	43	51	5,8	6,7	87	87
I alt	2 452	2 960	6,7	7,8	100	100
Bykommuner.....	1 443	1 859	10,9	11,6	163	149
Herredskommuner	1 009	1 111	4,3	5,0	64	78

1) Ikkje medrekna skilsmål der mannen var bosatt i utlandet

x) Kjelde: "Folkemengdens bevegelse. Oversikt 1966-70". Statistiske analyser 1, Statistisk Sentralbyrå, Oslo.

Tabell 8. Rangordna fylkesindeks over inngåtte ekteskap og skilsmål for åra 1966-70

Fylke	Inngåtte ekteskap		Skilsmål	
	Indeks	Rang	Indeks	Rang
Oslo	132	1	223	1
Bergen	126	2	148	2
Rogaland	104	3	85	9
Akershus	102	4	124	3
Sør-Trøndelag	101	5	99	6
Finnmark	99	6	87	8
Vestfold	97	7	119	4
Østfold	97	7	97	7
Troms	96	9	75	13
Vest-Agder	96	9	81	11
Buskerud	96	9	106	5
Telemark	95	12	81	11
Møre og Romsdal	95	12	48	19
Hordaland	92	14	55	16
Aust-Agder	91	15	70	14
Nordland	89	16	83	10
Nord-Trøndelag	87	17	52	17
Oppland	86	18	49	18
Hedmark	83	19	59	15
Sogn og Fjordane	80	20	27	20

IV. GRUNNLAGSDATA FOR BEFOLKNINGSANALYSE FRÅ DET SENTRALE PERSONREGISTERET

For å gjennomføre ein grundig undersøking av sivilstandstilhøva i tida 1965-1975 må vi gå til personregisteret og folketeljninga for 1970 for å få data. Datasituasjonen gjer det naturleg å dele prosjektet i to deler. Den eine delen vil då omfatte tidsutviklinga av nasjonale og regionale sivilstandsratear frå 1965 til 1975. Den delen nyttar data berre frå personregisteret. Den andre delen omfattar eit meir inngående studium av årsakene til dei regionale variasjonane i sivilstandsrateane i 1971. Denne delen av prosjektet nyttar data frå folketeljninga 1970, skatte- og inntektsdata frå 1970 og personregisterdata.

Tidsserieanalyse

Sidan sivilstandsdata berre forsøksvis har vore analysert ved hjelp av personregisterdata, må det gjerast ein god del grunnlagsarbeid med å legge til rette data for analysen.

I dette kapittelet skal vi freiste å komme fram til innhald og form på grunndatafilane som vil vere mest formålstenlege ut frå eit analyseformål.

(Ein file er den logiske organisering av ein datamasse om ein nærmare definert bestand t.d. personar tildelt identitetsnummer og bösatt i Norge 31/12 1970.) Siktepunktet vil imidlertid vere meir generelt enn berre dette prosjektet. Studiet av sivilstand vil omfatte alle dei viktigaste vitale hendingsane når vi ser bort frå fødsel. Vi vil freiste å organisere datamassen slik at den også kan vere av nytte for seinare prosjekt mellom anna ved å ta med data om fødselar.

Ved analysen av sivilstandsdata vil vi i første omgang måtte ha data om alder, kjønn, sivilstand og bostadskommune for alle personar bösatt i landet. Om mogeleg vil vi også vere interessert i rangen av noverande sivilstand (dvs. om det er andre ekteskap, første gangs enkje, skilt for tredje gang osv.) varigheta av noverande sivilstand og ikkje minst familiestorleiken. Vi skil her mellom talet på barn i familien og talet på barn som mor og far biologisk er ein av foreldra til anten desse er døde eller i live. Det vil og vere av verdi å ta med varigheta av opphaldet i noverande bostadskommune og kor mange gonger personen har flytta mellom ulike kommuner, rangen av bostadskommunen. Sjølv om vi ikkje kan rekne med å få nytte av alle desse kjenneteikna i denne omgangen, vil det vere nyttig å røkje etter korleis dei kan genererast for om mogeleg å få nytte av dei på eit seinare tidspunkt.

Vi har da to hovedyper av data som krev ulik organisering. Vi har for det første straumdata. Dette er meldingar om vitale hendingsar som kjem inn til Byrået og dannar grunnlag for oppdatering og ajourføring av personregisteret. Desse meldingane finn vi i meldingsfilen, historiefilen, statistikkfilen og i beredskapsfilen.

Den andre typen data er bestandsdata. Dette finn vi i det fullstendige personregisteret med den nyaste kjente verdi av alle kjenneteikn (kronologifilen). Situasjonsfilen inneheld den aktuelle verdi dei ulike kjennemerka hadde på eit gitt tidspunkt.

Organisering av bestandsdata

Personregisteret har sidan starten produsert ein situasjonsfile ved utgangen av kvart år. Denne filen omfattar altså alle personar bösatt i landet på det tidspunkt eller som var bösatt i landet då dei døde. For kvar person har ein mellom anna desse kjennemerka:

Identifikasjonsnr. (gir alder og kjønn)
 Bostadskommune
 Ekteskapeleg status
 Identifikasjonsnr. for far
 Identifikasjonsnr. for mor
 Dødsdato
 Identifikasjonsnr. for ektefelle
 Familienr. (i ferd med å bli innført)

Vi finn av desse kjenneteikna lett dei minimumsopplysningane vi må ha om alder, kjønn, sivilstand og bostadskommune.

Vi skal sjå litt på korleis vi kan finne barnetal i familien, talet på fødsjar, varighet av sivilstand, rang av sivilstand, varighet av opphald i bostadskommune og rang av bostadskommune. For å finne barnetalet i familien har vi familienummeret. Familienummeret bygg på eit kjernefamilieomgrep i felleleshusholdning og vil maksimalt omfatte 2 generasjonar. Identitetsnr. til familiens hovedperson blir nytta som familienr. Ei sortering av registeret etter familienr. og opptelling vil gi oss barnetallet i familien. Samtidig finn vi alderen på barna frå identifikasjonsnummeret deira. For å finne talet på fødsjar dei ulike personane har opplevt, har vi fars og mors identifikasjonsnr. Ei sortering av kronologifilen etter mors identitetsnr. og opptelling vil gi oss talet på barn ei kvinne har født og alderen deira anten barnet nå er døde eller i live. Sortering etter fars identitetsnr. og opptelling gir talet på barn ein mann er far til.

Problemet med desse omgrepa er at familienummer berre gjeld frå 1/11-70 og fars og mors identitetsnummer berre for barn født etter 1964. Rett nok har ein i samband med innføringa av familienummer også ført på fars og mors identitetsnummer for barn født etter 1954, men enno vil det gå ei tid før ein har kjenneteiknet paritet for alle kvinner i fødedyktig alder. Og ein kan enno ikkje få særleg lange tidsseriar av familiestorleik.

Likevel vil det vere av stor verdi å få implementert prosedyrer som genererer desse kjenneteikna rutinemessig slik at datagrunnlaget er klart i det øyeblikk analysen skal gjennomførast.

Ser vi på varighet av sivilstand, finn vi at kronologifilen inneheld dagens verdi av alle kjenneteikna saman med tidspunktet då det sist vart endra. Dette vil gi oss varigheta av dei ulike sivilstand.

Rang av sivilstandskjenneteiknet vil kanskje by på størst problem. På vigselmeldinga finn vi imidlertid opplysning om kva nummerorden dette ekteskapet har. Beredskapsfilen skulle då gi ein innfallspørt til dei

som har gifta seg etter 1964. Ved å nytte dette vil ein med tida kunne ta omsyn til dette kjenneteiknet og. Ved melding om skilsmål og enkje/enkjemann vil jo kjenneteiknet ha samme verdi som ved ekteskapet og ved eventuelt nytt ekteskap vil ein her ha høve til ein konsistenssjekk av oppgåve og registerdata.

Varighet av opphaldet i bostadskommunen finn vi på kronologifilen på samme måte som for varighet av sivilstand. Rang av bostadskommune kan vi vel berre finne for dei som er født etter at registeret vart starta og då ved ei optelling av flyttemeldingar i beredskapsfilen.

FILEBESKRIVELSE NR. 1

FILEBESKRIVELSE FOR

REGISTRERT BEFOLKNING 31/12 I ÅRET xxxx

- 1 IDENTIFIKASJONSNR
- 2 ÅRGANG
- 3 KJØNN
- 4 BOSTADSKOMMUNE
- 5 TALET PÅ FØDSLAR DER BARN ER I LIVE I EITTÅRIGE ALDERSGRUPPER
- 6 TALET PÅ FØDSLAR DER BARN ER DØDE I EITTÅRIGE ALDERSGRUPPER^{x)}
- 7 TALET PÅ BARN I FAMILIEN I EITTÅRIGE ALDERSGRUPPER
- 8 SIVILSTAND
- 9 VARIGHET AV SIVILSTAND
- 10 RANG AV SIVILSTAND
- 11 VARIGHET AV OPPHALD I BOSTADSKOMMUNE
- 12 RANG AV BOSTADSKOMMUNE

KODE FOR SIVILSTAND

- 1 UGIFT
- 2 GIFT
- 3 ENKJE/ENKJEMANN
- 4 SKILT
- 5 SEPARERT

KODE FOR VARIABLANE 5, 6 OG 7:

	TALET PÅ		TALET PÅ
POS. 1	0-ÅRIGE BARN	POS. 10	9-ÅRIGE BARN
2	1-ÅRIGE BARN	11	10-ÅRIGE BARN
3	2-ÅRIGE BARN	12	11-ÅRIGE BARN
4	3-ÅRIGE BARN	13	12-ÅRIGE BARN
5	4-ÅRIGE BARN	14	13-ÅRIGE BARN
6	5-ÅRIGE BARN	15	14-ÅRIGE BARN
7	6-ÅRIGE BARN	16	15-ÅRIGE BARN
8	7-ÅRIGE BARN	17)	TALET PÅ BARN 16 ÅR OG OVER
9	8-ÅRIGE BARN	18)	

X) I variabel 6 skal alder reknast som om barna er i live.

Organisering av straumdata

Kvart år får Byrået 300-400 tusen meldingar om endring i ein av dei kjennemerkeverdiane personregisteret skal halde rekning med for alle personar tildelt personnr. Meir enn halvparten av dette gjeld flytting.

Vi tar sikte på å standardisere desse meldingane og å samla dei på ein årleg file. Ved innsamling av desse data får ein ofte inn mye informasjon som vi i dagens situasjon ikkje kan nytte. Det som avgjer kva data vi kan bruke i den demografiske analysen, er dei bestandsdata vi har. For personar som har opplevt ei vital hending treng vi da nett samme data som dei vi har i filen med bestandsdata pluss data om den demografiske hendinga.

I filebeskrivelse nr. 2 har vi gitt ei framstilling av korleis vi tenker oss ein record i straumdatafilen bør sjå ut.

FILEBESKRIVELSE NR. 2

FILEBESKRIVELSE FOR

REGISTRERTE DEMOGRAFISKE STATUSENDRINGAR I ÅRET XXXX

1	IDENTIFIKASJONSNR	
2	ÅRGANG	
3	KJØNN	
4	BOSTADSKOMMUNE ²⁾	VED SISTE ÅRSSKIFTE
5	VARIGHET AV OPPHALD I BOSTADSKOMMUNE	VED SISTE ÅRSSKIFTE
6	RANG AV BOSTADSKOMMUNE	VED SISTE ÅRSSKIFTE
7	SIVILSTAND	VED SISTE ÅRSSKIFTE
8	VARIGHET AV SIVILSTAND	VED SISTE ÅRSSKIFTE
9	RANG AV SIVILSTAND	VED SISTE ÅRSSKIFTE
10 ^x	TALET PÅ FØDSLAR DER BARNA ER I LIVE	VED SISTE ÅRSSKIFTE
11 ^x	TALET PÅ FØDSLAR DER BARNA ER DØDE	VED SISTE ÅRSSKIFTE
12 ^x	BARNETAL I FAMILIEN	VED SISTE ÅRSSKIFTE
13	OVERGANGSINDIKATOR	
14	TIDSPUNKT FOR OVERGANG	
15	BOSTADSKOMMUNE ETTER OVERGANG ²⁾	

x) Her skal vi ha talet på barn organisert etter alderen til barna på samme måte som for variabel 5, 6 og 7 i Filebeskrivelse nr. 1

KODE FOR OVERGANGSINDIKATOR

- 01 FØDSEL AV GUT¹⁾
- 02 FØDSEL AV JENTE¹⁾

1) Ved fødsel skal det lagast ein record for mor og ein for far. Ved multiple fødselar skal recordane gjentakast så mange gonger som talet på barn i fødselen seier det.
2) Utland får eigen kommunekode.

- 03 ADOPSJON AV GUT
- 04 ADOPSJON AV JENTE
- 05 DØDFØDT GUT¹⁾
- 06 DØDFØDT JENTE¹⁾
- 07 DØD
- 08 EKTESKAP
- 09 SEPARASJON
- 10 SKILSMÅL
- 11 ENKJE/ENKJEMANN
- 12 FLYTTA UT AV KOMMUNEN²⁾
- 13 FLYTTA UT AV KRETSEN

Tverrsnittsanalyse

Dersom vi vil studere variasjonar i sivilstand på andre måtar enn med reindemografiske data må vi supplere personregisteret med andre datakjelder. Skattelikninga er ei slik kjelde. Folketeljinga i 1970 ei anna.

Vi skal her sjå korleis vi kan kople data frå desse tre kjeldene for å analysere skilnader i sivilstandsrateer mellom ulike deler av landet.

Vi tar da utgangspunkt i det arbeidet som før er gjort (av 3. kontor) med å kople skattelikninga for 1970 med folketeljinga for 1970. Data om dette arbeidet finn vi i notat JS/GH 29/6-74 og i filebeskrivelsar av filane med ident. DTVI0003001 og DTVI00050001.

Skattelikningsfilen og folketeljinga vil saman med situasjonsfilen for 31/12 1970 gi eit godt situasjonsbilete av befolkninga i Norge ved utgangen av 1970. Desse data må vi knytte saman med dei vitale hendingane som endrar den ekteskapelege statusen til befolkninga.

Vi tar da straumdatafilen for 1971 og trekkjer ut data for dei personar som har endra ekteskapeleg status eller har flytta. Frå situasjonsfilen for 31/12-70 og frå straumdatafilen for 1971 vil vi då trekkje ut følgjande data:

- 1 Identifikasjonsnr.
- 2 Kjønn

1) Ved fødsel skal det lagast ein record for mor og ein for far. Ved multiple fødselar skal recordane gjentakast så mange gonger som talet på barn i fødselen seier det.

2) Utland får eigen kommunekode.

- 3 Bostadskommune 31/12-70
- 4 Varighet av opphald i bostadskommunen 31/12-70
- 5 Sivilstand 31/12-70
- 6 Varighet av sivilstand 31/12-70
- 7 Ekteskap i løpet av 1971
- 8 Tidspunkt for ekteskap
- 9 Enkje/enkjemann i løpet av 1971
- 10 Tidspunkt for dødsfallet
- 11 Skilt i løpet av 1971
- 12 Tidspunkt for skilsmål
- 13 Separasjon i løpet av 1971
- 14 Tidspunkt for separasjon
- 15 Flytt ut av kommunen i løpet av 1971
- 16 Tidspunkt for flytting
- 17 Bostadskommune etter flytting

Variablane 7, 9, 11, 13 og 15 kodar vi "1" hvis personen har opplevd vedkomande hending i løpet av 1971 dersom ikkje han det har, kodar vi "0". Dersom vi i ein av variablane, 7, 9, 11, 13 og 15 har ein kode "0" skal også variabelen etter kodast "0". For variabel 17 gjeld at i dei høve personen ikkje har flytta, vil denne koden vere identisk med variabel 3 dvs. noverande bostadskommune. Utlandet vil opptre som ein eigen kommune.

Når vi skal velje ut data frå folketeljinga og skattelikningsfilane treng vi visse retningslinjer.

Vi er ute etter å studere skilnader i overgangsrater mellom sivilstand for ulike grupper av personar. Dei moglege forklaringsvariablane kan vi dele i to grupper:

1. Eigenskapar ved personen som verkar på sjansen hans for å oppleve endring i sivilstand.
2. Eigenskapar ved samfunnet personen lever i som verkar på sjansen hans til å oppleve endring i sivilstand.

Det er likevel berre eit første steg mot full dekning av alle interessante variablar. Personar med ulike ressursar, verdiar og plassering i samfunnsstrukturen, vil ha svært varierende sjansar for å gjere seg nytte av dei arenaene der ein er utsett for risiko for å endre sivilstand. I ekteskapsituasjonen skal to individ møtast og tilpasse seg kvar andre og samfunnet. Typen av arenaene der kontakt kan oppstå varierer svært mellom ulike samfunn. Det samme gjer dei kommunikasjonsprosessene

ved periodens begynnelse. For å få et anslag på hvor stor feil vi i så fall gjør, har vi i tabell 5.2 regnet ut forholdet mellom tallene i tabell 3.2 og totaltallet for antall hendelser for siste status (fra tabell 4.1).

Tabell 5.2. Antall registreringer med eksakt 2 hendelser i prosent av totaltallet for siste hendelse i sekvensen. 1972

2. hendelse	Fødsel	Flyt-	Flyt-	Flyt-	Gifter-		Skils-		Overgang til enke(-mann)-status	Dødsfall
		ting fra landet	ting ut-mellom kommuner	ting til utlandet	mål Menn	mål Kvinner	misse Menn	misse Kvinner		
1. hendelse										
Fødsel	-	-	2,06	1,00	-	-	-	-	-	1,72
Flytting fra utlandet ...	-	-	0,58	16,15	0,32	0,34	0,27	0,17	0,04	0,05
Flytting mellom kommuner	-	-	5,51	3,18	6,21	7,06	5,45	3,95	0,37	0,87
Flytting til utlandet ...	-	3,77	-	-	-	-	-	-	-	-
Giftermål, menn	-	-	3,06	0,79	-	-	0,05	-	0,02	0,02
Giftermål, kvinner	-	-	3,52	1,75	-	-	-	0,07	0,05	0,01
Skilsmisse, menn	-	-	0,10	0,12	1,17	-	-	-	-	0,03
Skilsmisse, kvinner	-	-	0,08	0,11	-	1,06	-	-	-	0,01
Overgang til enke(-mann)-status	-	-	0,10	0,05	0,03	0,00	-	-	-	0,91
Dødsfall ...	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-

Ut fra tabell 5.2 virker det rimelig at en i et oppsett analogt med tabell 10 på s. 25 (dvs. modell I) tar med kolonner for overgangsrekkefølgene flytting - flytting, flytting - giftermål, giftermål - flytting, og eventuelt flytting - skilsmisse (muligens også flytting - giftermål - flytting).

